

KOMMISJONSAVGJERD

2017/EØS/55/21

av 27. juli 2011

om tryggleikskrav som europeiske standardar skal innehalde i medhald av europaparlaments- og rådsdirektiv 2001/95/EF, for å førebyggje visse risikoar for barn i samband med innvendige persienner, vindaugsskjermingar med snorer og tryggingsinnretningar

(2011/477/EU)(*)

EUROPAKOMMISJONEN HAR —

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til europaparlaments- og rådsdirektiv 2001/95/EF av 3. desember 2001 om alminnelig produktsikkerhet⁽¹⁾, særleg artikkel 4 nr. 1 bokstav a), og

ut frå desse synsmåtene:

- 1) I medhald av artikkel 3 nr. 2 andre leddet i direktiv 2001/95/EF vert eit produkt rekna som trygt når det er i samsvar med frivillige nasjonale standardar som gjennomfører europeiske standardar, og som det er offentleggjort tilvisingar til i *Tidend for Den europeiske unionen*.
- 2) Desse europeiske standardane skal fastsetjast av dei europeiske standardiseringsorgana på grunnlag av særlege tryggleikskrav som Kommisjonen har fastsett.
- 3) I mange bustader finst det persienner og andre vindaugsskjermingar med snorer som vert nytta til å heve eller senke produktet (snortrekk), eller til å halde dei ulike delane i produktet saman (stigesnorer). Desse snorene inneber ein kvelingsfare for barn ettersom det kan dannast lykkjer som barn kan vikle seg inn i når dei leikar i nærleiken av eit vindaug. Barn kan òg klatre opp i vindaugskarmer eller på møblar for å få tak i snorene. Det kan likeins skje ulukker når senger eller barnesenger vert plasserte nær vindaug der barn kan nå snorene.
- 4) Ifølgje ei undersøking frå 1998 med eit utval sjukehus i dei 15 EU-medlemsstatane vart 129 barn innlagde på sjukehus på grunn av skadar knytte til lykkjer på persienne- eller gardinsnorer⁽²⁾. I Det sameinte kongeriket reknar ein med eitt til to barnedødsfall kvart år som følgje av at barn viklar seg inn i persiennesnorer. Nyare tal som Kommisjonen har fått kjennskap til, viser at det i tidsrommet 2008 til 2010 har vore ti dødsulukker med barn mellom 15 og 36 månader i Irland, Finland, Nederland, Det sameinte kongeriket og Tyrkia. I

Sambandsstatane er det sidan 1999 rapportert om 119 dødsfall og 111 alvorlege ulukker knytte til vindaugsskjerming med snorer. I Canada er det sidan 1986 knytt 28 dødsfall og 23 alvorlege ulukker til desse produkta. I Australia er minst ti barn omkomne i kvelingsulukker med persiennesnorer sidan 2000⁽³⁾. Desse tala viser likevel berre ein del av problemet ettersom mange slike ulukker ikkje vert rapporterte⁽⁴⁾.

- 5) Forsking viser at dei fleste dødsulukker med persiennesnorer skjer på soverom, og at dei barna som vert forulukka, er mellom 16 og 36 månader. Over halvparten av desse ulukkene rammar barn som er omkring 23 månader. Sjølv om barn i den alderen er fullt rørlege, har dei vanskar med å kome seg lause dersom dei vert vikla inn i snorene, ettersom hovudet framleis er tyngre i høve til kroppen enn det som er tilfellet for vaksne, og muskelkontrollen enno ikkje er fullt utvikla. I tillegg er ikkje lufttrøyret fullt utvikla og difor trongare og mjukare enn hjå vaksne og større barn, noko som medfører raskare kveling dersom halsen vert snørt saman⁽⁵⁾.
- 6) Den europeiske standarden EN 13120:2009 inneheld krav til yteevne for innvendige persienner, medrekna tryggleikskrav. Visse persiennemodellar som har vore knytte til ulukker, er likevel ikkje omfatta av verkeområdet for denne standarden.
- 7) Den europeiske standarden EN 13120:2009 viser til innvendige persienner, både manuelle og motoriserte, der dei motoriserte er omfatta av europaparlaments- og rådsdirektiv 2006/42/EF av 17. mai 2006 om maskiner⁽⁶⁾. Det direktivet omfattar likevel ikkje tryggleiken til barn når det gjeld den særlege risikoen for kveling, og heller ikkje persienner som har snorer med manuell betening.
- 8) Motorisering kan fjerne risikoane knytte til snortrekka, men ikkje til stigesnorene.
- 9) Andre vindaugsskjermingar med farlege fritthengande snorer utgjer ein liknande risiko for barn.

(*) Denne unionsrettsakten, kunngjort i EUT L 196 av 28.7.2011, s.21, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 112/2013 av 14. juni 2013 om endring av EØS-avtalens vedlegg II (Tekniske forskrifter, standarder, prøving og sertifisering), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 67 av 28.11.2013, s.16

⁽¹⁾ TEF L 11 av 15.1.2002, s. 4.

⁽²⁾ http://ec.europa.eu/consumers/reports/rights_child_safety_prod.pdf

⁽³⁾ <http://www.ocba.sa.gov.au/productsafety/warning/blindcords.html>

⁽⁴⁾ <http://www.cpsc.gov/CPSPUB/PREREL/PRHTML97/97136.html>

⁽⁵⁾ <http://www.rospa.com/about/currentcampaigns/blindcords/>

⁽⁶⁾ TEU L 157 av 9.6.2006, s. 24.

- 10) Rapportar om ulukker knytte til snorer, viser at dødsårsaka er kveling. Eksisterande europeiske standardar for vindaugsskjermingar og persienner inneheld ingen krav med omsyn til denne risikoen.
- 11) For å bøte på risikoen for feilmontering eller manglande montering bør produsentane betre utforminga av tryggingsinnretningane eller vindaugsskjermingane, slik at produktet ikkje kan nyttast dersom tryggingsinnretningane ikkje er monterte på riktig måte.
- 12) Det bør difor fastsetjast tryggleikskrav som sikrar at innvendige persienner og andre vindaugsskjermingar med snorer er utforma på ein måte som er trygg for barn, og som fjernar risikoen for kveling og blokkering av luftvegane som følgje av at snorer eller smådelar er tilgjengelege.
- 13) I tillegg til krav til trygg bruk av vindaugsskjermingar og persienner med snorer, bør det òg utarbeidast krav til og produkttryggleiksopplysningar om tryggingsinnretningane.
- 14) Dei tiltaka som er fastsette i denne avgjerda, er i samsvar med fråsegna frå det utvalet som er skipa ved artikkel 15 i direktiv 2001/95/EF, og verken Europaparlamentet eller Rådet har sett seg imot dei —

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I denne avgjerda tyder:

- a) «*innvendige persienner*» eit vindaugsskjermingsprodukt som er montert ein stad innvendig i ein bygning,
- b) «*vindaugsskjermingar med snorer*» andre produkt enn innvendige persienner, som vert nytta til å skjerme

vindauge, og som har fritthengande snorer. Vindaugsskjermingar kan plasserast på utsida av vindaugget, mellom to vindauge eller framfor eit vindauge,

- c) «*farleg lykkje*» ei lykkje på ei fritthengande snor, kjede eller liknande, eventuelt kombinert med stoff, som kan hamne over hovudet eller rundt halsen på små barn og medføre kvelingsfare,
- d) «*tryggingsinnretningar*» ei innretning eller ei utforming som tryggjer små barn mot kvelingsfare ved til dømes å hindre at det oppstår farlege lykkjer på snora eller kjeda, syte for at lykkja ryk eller at snora eller kjeda vert utløyst når det dannar seg ei farleg lykkje eller når snora eller kjeda vert utsett for belastning, gjere snora eller kjeda utilgjengeleg for barn eller hindre at snorene viklar seg saman,
- e) «*tilgjengelege snorer, kjeder, kulekjeder eller liknande*» snorer, kjeder, kulekjeder eller liknande som heng fritt framfor, bak eller på sida av persienna eller vindaugsskjerminga, og som små barn kan nå og trekkje i, og som dermed utgjer ein kvelingsfare. Høg plassering vert ikkje rekna som eit hinder for tilgang.

Artikkel 2

Dei tryggleikskrava for innvendige persienner, vindaugsskjermingar med snorer og tryggingsinnretningar som dei europeiske standardane skal innehalde i medhald av artikkel 4 i direktiv 2001/95/EF, er fastsette i vedlegget til denne avgjerda.

Artikkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 20. dagen etter at ho er kunngjord i *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utfjerda i Brussel, 27. juli 2011.

For Kommissjonen

José Manuel BARROSO

President

VEDLEGG

Tryggleikskrav for innvendige persienner, vindaugsskjermingar med snorer og tryggingsinnretningar

1. VERKEOMRÅDE

Dei tryggleikskrava som er førte opp i dette dokumentet, skal nyttast på alle innvendige persienner og vindaugsskjermingar med snorer, utan omsyn til utforming og materiale, til dømes:

- persienner,
- rullegardiner,
- lamellgardiner,
- plisségardiner og gardiner med bikakestruktur,
- heisgardiner,
- draperi,
- panelgardiner,
- innvendige skodder,
- rullepersienner.

Desse krava skal òg nyttast på forheng, insektnett og persienner mellom forsegle glas dersom dei vert betente ved hjelp av tilgjengelege snorer, kjeder, kulekjeder eller liknande som kan danne farlege lykkjer.

Desse tryggleikskrava skal minst omfatte barn (små barn) mellom 0 og 42 månader.

2. KRAV

Ved fastsetjinga av krav til yteevne for innvendige persienner og vindaugsskjermingar med snorer er det særskilt viktig å ta omsyn til dei sannsynlege bruksvilkåra og moglege farane som tilgjengelege snorer, kjeder, kulekjeder eller liknande, kan utgjere for barn.

For å minske risikoen for kveling og blokkering av luftvegane skal innvendige persienner (og vindaugsskjermingar med snorer) ha ei utforming med innbygd tryggleik. Ved hjelp av moderne teknologi skal alle moglege løysingar vurderast med omsyn til ei trygg utforming av produktet for bruk i alle dei omgjevnadene som det er rimeleg å tru at små barn har tilgang til eller kan opphalde seg i, til dømes bustader, hotell, sjukehus, kyrkjer, butikkar, skular, barnehagar og offentlege stader generelt. Persienner og vindaugsskjermingar som skal monterast på kontor eller andre stader som er gjorde om i høve til den opphavlege bruksmåten, og der det er sannsynleg at små barn kan opphalde seg, skal òg omfattast av desse krava.

Innvendige persienner og vindaugsskjermingar med snorer, der snorene, kjedene, kulekjedene eller liknande er tilgjengelege, skal oppfylle følgjande minstekrav:

1. Snorer, kjeder, kulekjeder og liknande skal ikkje danne farlege lykkjer.
2. Dersom produktutforminga ikkje fjernar risikoen for at det dannar seg farlege lykkjer, skal produktet vere utstyrt med høvelege tryggingsinnretningar for å gjere kvelingsrisikoen så låg som mogleg.
3. Tryggingsinnretningane skal vere ein integrert del av produktet.
4. Tryggingsinnretningar som ikkje er integrerte i produktet (til dømes snorlåsar), skal vere førehandsmonterte på snortrekka, kjedene eller kulekjedene til persienna eller vindaugsskjerminga. I tillegg skal tryggingsinnretninga vere påført ei synleg åtvaring. Åtvaringa skal minst innehalde følgjande: «Produkt utan denne innretninga montert, kan utgjere ein kvelingsrisiko for barn. Les rettleiinga nøye, og monter produktet i samsvar med rettleiinga. Bruk alltid denne innretninga for å halde snorer og kjeder utanfor rekkjevidda til barn.»
5. Monterte tryggingsinnretningar skal ikkje kunne betenast av små barn. Tryggingsinnretningane skal heller ikkje utgjere nokon risiko for at barn kjem fysisk til skade som følgje av til dømes skarpe kantar, fingrar som kjem i klemme eller delar som stikk ut. Tryggingsinnretningane skal òg bestå motstandsstyrke- og trøytteiksprøvingar (naturleg slitasje) og vere motstandsdyktige mot slitasje som følgje av vèrtilhøve. Tryggingsinnretningane skal ikkje innehalde smådelar som kan losne og utsetje barn for kvelingsfare.

6. Snorer, kjeder, kulekjeder og liknande skal ikkje innehalde smådelar som kan losne og utsetje barn for kvelingsfare.

3. OPPLYSNINGAR OM PRODUKTTRYGGLEIK

Det skal vere synlege åtvaringar på utsalsstaden, på emballasjen, på produktet og i bruksrettleiinga. Åtvaringane skal minst omfatte følgjande:

- «Det har skjedd dødsulukker der små barn er vorte kvelte på grunn av lykkjer på treksnorer, kjeder og band og på snorer som vert nytta til å betene produktet.»
- «For å unngå at barn viklar seg inn i produktet og vert utsette for kvelingsulukker, skal snorene haldast utanfor rekkjevidda til små barn. Barn kan få snorene vikla rundt halsen.»
- «Flytt senger, barnesenger og møblar vekk frå snorer som tilhøyre vindaugsskjermer.»
- «Ikkje knyt saman snorer. Sjå til at snorene ikkje tvinnar seg og dannar ei lykkje.»

Åtvaringane skal omfatte relevante piktogram.

Namnet eller varemerket til produsenten eller importøren og til ein eventuell profesjonell montør, skal òg vere ført opp på produktet.

Emballasjen skal innehalde rettleiing for samansetjing, montering og trygg bruk av persienna eller vindaugsskjermer (medrekna ei eller fleire tryggingssinnretningar).

4. KRAV TIL TRYGGINGSINNRETNINGAR SOM ER MEINTE FOR ETTERMONTERING

Innvendige persienner eller vindaugsskjermer med snorer som er utstyrte med høvelege tryggingssinnretningar, skal oppfylle dei krava som er fastsette i avsnitt 2.

Følgjande åtvaringar, opplysningar og rettleingar skal leggjast ved tryggingssinnretningane:

- namnet eller varemerket til produsenten eller importøren og til ein eventuell profesjonell montør,
- rettleiingane: *«Les desse rettleiingane nøye før du monterer og nyttar produktet. Barn kan verte utsette for kvelingsfare dersom denne innretninga ikkje vert montert på riktig måte. Ta vare på rettleiingane for seinare bruk.» «Bruk av ytterlegare tryggingssinnretningar medverkar til å minske risikoen for kveling, men dei gjev ikkje fullstendig tryggleik.»*,
- rettleiingane: *«Prøvebruk innretninga dersom ho ikkje vert nytta jamleg»* og *«Byt ut innretninga dersom ho ikkje fungerer»*,
- ei åtvaring om at lause smådelar kan føre til kveling hjå barn,
- opplysningar om kva type innvendig persienne eller vindaugsskjermer med snorer som produktet er utforma og prøvd ut for,
- opplysningar om bruk (føremål og moglege avgrensingar med omsyn til bruken av tryggingssinnretninga),
- nøyaktige rettleingar om riktig montering og plassering av innretninga(ne). Dersom det trengst eit særskilt monteringsverktøy, skal det leverast av leverandøren av innretninga(ne),
- rettleiingane skal innehalde piktogram for å lette forståinga,
- eventuelle andre opplysningar om trygg bruk.